



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	24.01.2017
Tid:	13:30 - 19:35

Medlemer som møtte:

Arnulf Goksøyr	Leder	H
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Solveig Helen N. Båtsvik	Medlem	FRP
Reidun S Myrvågnes	Medlem	AP
Per Kristian Furø	Medlem	AP
Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP

Forfall:

Camilla Storøy	NESTL	KRF
Svein Gjelseth	MEDL	AP

Varamedlemer som møtte:

Bjørn Otterlei	Camilla Storøy	H
Sofie Mere Arntsen	Svein Gjelseth	AP

Andre:

Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
Politisk sekretær Lisbeth Moltu Espeseth
Utviklingsleiar Jarl Martin Møller
Planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand
Brannsjef Jon Rune Våge
Jarle Stordal frå NAV Herøy

Til å skrive under protokollen saman med ordføraren/leiareren vart desse valde:
Bjørn Otterlei og Ann-Kathrin (Tine) Storøy

Solveig Båtsvik (Frp) fekk permisjon kl. 15:10, etter handsaming av F-sak 12/17.
Linn Therese H. Sævik (Krf) tok plass.
Kjell Runde (Folk/Sp) fekk permisjon kl. 15:30, etter handsaming av F-sak 15/17.
Bjarne Kvalsvik (Folk/Sp) tok plass.

Sofie Arntsen (Ap) fekk permisjon kl. 17:15, etter handsaming av F-sak 16/17.
Olaug Andreassen (Ap) tok plass.

Det vart drøfta/orientert om:

- Hvor godt er lokaldemokratiet i din kommune? Tilbod om KS Lokaldemokratiundersøking 2017. (Dok. utdelt)
Samrøystes vedtak: Undersøkinga vert bestilt.
- Einedalen – idrettshall.
- Fysioterapi
- Deponi
- Skarabakken

underskrifter

Bjørn Otterlei

Arnulf Goksøyr
ordførar

Ann-Kathrin (Tine) Storøy

PS 1/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

F-sak 21/17: Vidareføring av kommunal tiltakspakke – vart sett på saklista.

PS 2/17 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

PS 3/17 DELEGERTE SAKER

Møtebehandling:

Delegerte saker frå avdelingane låg føre.

PS 4/17 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

PS 5/17 DETALJREGULERINGSPLAN FOR ØVRE FLUSUND GNR. 27, BNR. 1 M. FL.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet godkjenner søknad om oppstart for detaljreguleringsplan øvre Flusund med påfølgande varsel om oppstart jf. PBL § 12-8.

PS 6/17 SØKNAD OM OPPSTART PÅ DETALJREGULERINGSPLAN: DEL AV B43 - BUSTADFELT LEIKONG MED NAUSTOMRÅDE

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og planleggar Erlend Sporstøl Vikestrand møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken med slik endring «Formannskapet godkjenner søknaden om... B43.»

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet godkjenner søknaden om oppstart av detaljreguleringsplan for del av B43.

PS 7/17 UTVIDING AV FLUSUND GRAVPLASS - JURIDISK VURDERING

Møtebehandling:

Per Kristian Furø (Ap) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er styreleiar i Sameiget Flusund. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Per Kristian Furø vart samrøystes kjend inhabil etter KI §40, Fvl §6a.

Bjørn Otterlei (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i fellesrådet. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend habil.

Arnulf Goksøyr (H) reiste sitt habilitetsspørsmål. Han er medlem i fellesrådet. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Arnulf Goksøyr vart samrøystes kjend habil.

Utviklingsleiar Jarl Martin møtte i saka.

Sofie Arntsen (Ap) kom med slikt framlegg:

1. Formannskapet ber administrasjonen undersøkje med grunneigarane om der er grunnlag for forhandlingar.
2. Om slikt grunnlag ikkje er tilstades, viser formannskapet til dei underteikna og tinglyste avtalane med grunneigarane og held seg til desse.»

Arnulf Goksøyr (H) kom med framlegg om å stryke 2. avsnittet i rådmannen sitt framlegg.

Framlegget frå Sofi Arntsen (Ap) trekte sitt framlegg.

Rådmannen si tilråding med framlegget frå Arnulf Goksøyr (H) samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet ber om at areal for utviding av gravplass på Flusund vert taksert og at det vert gjennomført forhandlingar og satt fram tilbod om kjøp av grunn frå berørte grunneigarar.

PS 8/17 GNR 38 BNR 19 - SAL AV EIGEDOM

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt framlegg om at salssummen endrast frå kr. 419.250,- til kr. 580.500,-.

Rådmannen si tilråding vart vedteken mot 3 røyster.

Per Kristian Furø (Ap), Sofie Arntsen (Ap) og Reidun Myrvågnes (Ap) røysta mot.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet sel gnr 38 bnr 19 for kr 419 250.- + omkostningar (tinglysing og dokumentavgift).

Dersom ikkje Westing AS aksepterer tilbodet skriftleg innan 01.02.2017 vert tomta lagt ut for sal på ordinær måte.

PS 9/17 AVTALE - BRUK AV EIGEDOM 20/27, 20/31 OG 20/43

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet gir administrasjonen fullmakt til å inngå avtale med Frøystad Grendelag for etablering av ballbinge på gnr. 20 bnr. 27.

PS 10/17 IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV BALLBINGE PÅ FRØYSTAD SAMT STØTTE TIL TILTAKET.

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Herøy kommune godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for ballbinge på Frøystad, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune kan forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon til ballbingen med inntil kr. 410.000,- i 2017 og til spelemidlar og mva-kompensasjon vert utbetalt, og under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjent.

PS 11/17 VEG- OG PARKERINGSOMRÅDE LEIKANGER SKULE - BEHOV FOR TILLEGGSLØYVING

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

PS 12/17 ØKONOMISK AVSLUTNING - BUBILPARKERING PARKEN, FOSNAVÅG

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 165.214 (eks. mva).
2. Forbruket vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak.

PS 13/17 ØKONOMISK AVSLUTNING - ARBEID MED OFFENTLEG PARKERINGSPLASS GNR. 34 BNR. 84 ETTER REGULERINGSPLAN

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalforbruk på kr. 430.866 (eks. mva).
2. Kr. 334.786 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak.
3. Resterende sum kr. 96.080 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av tildelte RDA-midler til byutvikling.

PS 14/17 SØKNAD OM STØTTE FRÅ REGIONALE FORSKNINGSFOND - FOU-PROSJEKT FOR TAREDYR KING I HERØY

Møtebehandling:

Bjørn Otterlei reiste sitt habilitetsspørsmål. Han starta opp bedrift innanfor næringa. Han gjekk frå under handsaming av habilitet.

Bjørn Otterlei vart samrøystes kjend inhabil etter KL. §40, Fvl 6, andre ledd.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet stiller seg positive til at det vert søkt om stønad frå Regionale forskningsfond og gjennomført eit forsknings- og utviklingsarbeid knytt til vidareutvikling og utnytting av ressursane i havrommet.

PS 15/17 NERLANDSØY VASSLAG BA - NY SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagetts leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 35 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.
Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

PS 16/17 HERØY BRANNVERN -ORIENTERING OM GRUNNLEGGANDE KRAV TIL BEREDSKAP, STATUS OG VEGEN VIDARE

Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller og brannsjef Jon Rune Våge møtte og orienterte i saka.

Dokument utdelt:

- Varsel om oppseiing frå brannmannskapa av 24.11.2016.
- Svar på varsel om oppseiing av 30.11.2016.
- Referat frå møte 12.01.2017.
- Brev av 23.01.2017 frå brannmannskapa.

Arnulf Goksøyr (H) kom med slikt framlegg:

Pkt. 1 som rådmannen si tilråding.

Pkt. 2 som rådmannen si tilråding med slik endring: «forslag til revidert brannordning...»

Nytt pkt. 3: «Administrasjonen får i oppdrag å gå i fellesdialog med brannmannskapet som har sagt opp stillingane sine. Dialogen har som målsetting å avklare forhold kring oppseiingane som kan betre tenesteforholda, samt bidra til å sikre at Herøy kommune har ei fullverdig brannordning også etter 1. mars 2017. Ein føresetnad at dialogen vert gjennomført i tråd med arbeidsmiljølova.»

Der vart halde gruppemøte.

Nytt framlegg frå Arnulf Goksøyr (H):

Pkt. 1: «Administrasjonen får i oppdrag å gå i fellesdialog med brannmannskapet som har sagt opp stillingane sine. Dialogen har som målsetting å avklare forhold kring oppseiingane som kan betre tenesteforholda, samt bidra til å sikre at Herøy kommune har ei fullverdig brannordning også etter 1. mars 2017. Ein føresetnad at dialogen vert gjennomført i tråd med arbeidsmiljølova.»

Pkt. 2: Pkt. 1 som rådmannen si tilråding, men stryke «...ved Fosnavåg stasjon...»

Pkt. 3: Pkt. 2 som rådmannen si tilråding med slik endring: «...forslag til revidert brannordning...»

Ap og Folk/Sp v/Per Kristian Furø (Ap) kom med slikt framlegg:

Nytt pkt. 3: «Dersom ein ikkje lykkast i forhandlingane med dei brannmennene som har sagt opp, så vert det snarast mogleg bygd opp ein minimumsberedskap ved Fosnavåg stasjon som tilfredsstillar kommunen sine plikter fastsett i gjeldande lov og forskriftsverk.»

Ap og Folk/Sp trekte sitt framlegg.

Nytt framlegg frå Arnulf Goksøyr (H) vart samrøystes samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

1. Administrasjonen får i oppdrag å gå i fellesdialog med brannmannskapet som har sagt opp stillingane sine. Dialogen har som målsetting å avklare forhold kring oppseiingane som kan betre tenesteforholda, samt bidra til å sikre at Herøy kommune har ei fullverdig brannordning også etter 1. mars 2017. Ein føresetnad at dialogen vert gjennomført i tråd med arbeidsmiljølova.
2. Det vert snarast mogleg bygd opp ein minimumsberedskap som tilfredsstillar kommunen sine plikter fastsett i gjeldande lov og forskriftsverk.
3. Administrasjonen får i oppdrag å legge fram eiga politisk sak med forslag til revidert brannordning og ROS-analyse innan 01.07.2017. Saka skal også omfatte økonomiske konsekvensar m.m.

PS 17/17 HERØYTERMINALEN AS- DRIFTSFORPLIKTELSAR

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet vil ikkje i møtekomme anmodningane frå Refa Vønin om å lempe på driftspliktene for Herøyterminalen.

PS 18/17 ØKONOMISK SOSIALSTØNAD - HERØY KOMMUNE

Møtebehandling:

Jarle Stordal frå NAV Herøy møtte og orienterte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Kommunen vil auke fokus på økonomisk sosialhjelpmottakarar framover for å styrke kunnskapen om fagområdet og søkje å få ned talet på dei som treng økonomisk sosialhjelp.

Kommunen vil arbeide for å få på plass eit tilbod som hjelper dei unge inn i ein aktiv kvardag og som samtidig gjer at dei ikkje er avhengige av økonomisk sosialhjelp.

PS 19/17 SØKNAD OM FØREHANDSGODKJENNING AV STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING

PS 20/17 SØKNAD OM FØREHANDSGODKJENNING AV STARTLÅN OG TILSKOT TIL ETABLERING

PS 21/17 VIDAREFØRING AV KOMMUNAL TILTAKSPAKKE

Møtebehandling:

Jarle Stordal frå NAV Herøy møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Formannskapet - 24.01.2017

Formannskapet viser til prosjektbeskrivelse for «Kommunal tiltakspakke», og godkjenner med dette ein vidareføring av prosjektet i 2017.

For å få best mulig sysselsettingseffekt ut av tildelte midlar ønskjer ein å vidareføre prosjektet med eksisterande organisering. Prosjektbeskrivelsen synar alt kommunen har fått utført av vedlikeholdsoppgåver i 2016.

MØTET SLUTT KL. 19:35

